



Odd Jarle Talberg

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Reguleringsendring 44/6 og 44/11 i Remmetsbukta

Fråsegn ved varsel om oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi ber om årsak for at vi ikkje har kome med fråsegn innan fristen.

Bakgrunn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Barn- og unge

Leikeplassen i gjeldande plan har fått endra utforming og er vesentleg redusert i storleik i nytt forslag til endra plan. Den er no 290 m², noko som er over minimumskravet til nærleikeplassar. Det som er viktig er at delar av den må vere flat (50%) og opparbeida med fast dekke, minimum med sandkasse, benk og eit leikeapparat. Det må leggest inn rekkefølgekrav om at nærleikeplassen skal vere ferdig opparbeida før første bustad får bruksløyve. Det skal i utgangspunktet ikkje vere meir enn 50 meter gangavstand frå bustadane til leikeplassen, noko som gjer at turvegane som er lagt inn i planen inn mot friområde også må vere ferdig opparbeidd samtidig med rekkefølgekravet for leikeplassen. Vi viser til vår rettleiar «Leikeplassar – lokalisering og utforming» som ligg på vår heimeside.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein oppdatert risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for heile planområdet, jf. plan- og bygningslova §§ 4-3 og 12-14. Sjølv om det er planlagt endringar berre i delar av planområdet, må ei ROS-analyse gjerast for heile området. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål og om planlagt utbygging kan gje endringar i risikobilete. Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i

kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. ROS-analysen kan ta utgangspunkt i Fylkesmannen si sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga. Sjekklista finn de på vår heimeside.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Anne Grete Kleven, tlf. 71 25 84 77

Kopi: Vestnes kommune